

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 08.04.2022

Saksref.: 202200500-1

Dykkar ref.:

Høring av rapport om Ålgårdbanens framtid i det nasjonale jernbanenettet

Jernbanedirektoratet arbeider nå med å vurdere Ålgårdbanens framtidige status i jernbanenettet. Bakgrunnen for prosjektet er Bane NORs tilråing om å ta Ålgårdbanen, saman med tre andre banestrekningar ut av det nasjonale jernbanenettet. I praksis betyr det at Jernbanedirektoratet skal ta stilling til om det er grunnlag for framtidig persontrafikk på Ålgårdbanen. For å få eit best mogleg fagleg grunnlag, har Jernbanedirektoratet fått Norconsult til å utarbeide ein fagrapport som vurderer konsekvensane av ei mogleg gjenopning av banestrekninga for regulær trafikk.

I fagrapporten er samla reisetid med tog for strekninga Ålgård – Ganddal berekna til 12 min., og Ålgård – Stavanger 33 min. Det er lagt til grunn tre togstopp for strekninga; Figgjo, Kongeparken og Ålgård. Det er arbeidd fram sju tilbuds-konsept for Ålgårdbanen, som er tilpassa den planlagte utviklinga av Jærbanen. For alle tilbuds-konsepta er det gjort berekningar av investeringskostnadar, kapasitet, marknadsgrunnlag og samfunnsøkonomiske analysar.

Den samfunnsøkonomiske analysen presentert i fagrapporten viser at alle dei sju tilbuds-konsepta vil ha ein vesentleg negativ nytteverdi for samfunnet. Forventa investeringskostnadar vil for dei sju tilbuds-konsepta ligge mellom 1,66 og 2,14 milliarder kr. (2020-prisar).

Eit sentralt spørsmål for Ålgårdbanen er lokalisering av endestasjonen i Ålgård. Fagrapporten tar primært utgangspunkt i ei stasjonsplassering der sporet stoppar i dag, dvs. rett nord for Ålgård sentrum. Som rapporten også viser vil ei lokalisering av endestoppet i Ålgård sentrum gje fleire passasjerar, men dette veg ikkje opp for dei ekstra investeringskostnadane som kjem som følge av ei sentral stasjonsplassering.

Fagrapporten viser at det vil vere utfordrande å kombinere Ålgårdbanen med ei framtidig forlenging av dobbeltsporet til Nærbø. Rapporten viser også at ei utbygging av E39 frå Ålgård til Hove vil ha negativ innverknad på marknadsgrunnlaget for Ålgårdbanen.

Frist for å uttale seg er satt til 27. mai.

Etter ferdig høyring vil Jernbanedirektoratet gjere ei samla vurdering, og fremme ei tilråing om Ålgårdbanens framtidige status i det nasjonale jernbanenettet til Samferdselsdepartementet.

Spørsmål til høyringa kan rettast til Morten Sageidet: morten.sageidet@jernbanedirektoratet.no eller på telefon **94 02 79 58**.

Med helsing

Øivind Hauge Støle
leiar regional samhandling sør/vest

Morten Sageidet
seniorrådgivar

Mottakar(ar): Naturvernforbundet i Rogaland v/ Naturvernforbundet i Rogaland, Rogaland bonde- og småbrukarlag, Rogaland bondelag, Rogaland Natur og Ungdom, Næringsforeningen i Stavangerregionen - ressursgruppen Gjesdal v/ Næringsforeningen i Stavangerregionen - ressursgruppen Gjesdal, Randaberg kommune v/ Randaberg kommune, Gjesdal kommune, Klepp kommune, Hå kommune, Statens Vegvesen, Eigersund kommune, Time kommune, Sandnes kommune, Statsforvalteren i Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Sola kommune, Stavanger kommune, Ålgårdbanens Venner, BANE NOR SF

Vedlegg: Vedlegg 3 Usikkerhetsanalyse

Vedlegg 2 Kostnadsestimater

Norconsult (2022) Rapport-Ålgårdbanen

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendast utan signatur

Vedlegg 1: Ålgårdbanen: Fremtidig status i det nasjonale jernbanenettet

Vedlegg 2: Kostnadsestimater

Vedlegg 3: Usikkerhetsanalyse